



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-060, TI-&13  
**Journalpost**  
**ID:** 23/6704  
**Sakshandsa**  
**mar:** Kaja Standal Moen  
**Dato:** 17.02.2023

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Plan-, miljø og næringsutvalet	

### Høyringssvar til forslag om endringar i energiloven og plan- og bygningsloven knytt til vindkraft på land

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune er positive til forslag om endringar i energilova og plan – og byggningsloven knytt til vindkraft på land.

Kinn kommune slutter seg til KS sine merknadar til framlegget, slik det kjem fram under kapitlet *Vurderingar*.

#### Bakgrunn for saka:

Kommunal- og distrikstdepartementet og Olje-og energidepartementet sendte forslag til endringar i energiloven og plan og bygningsloven på høyring 13.01.2023.

Forslaga fylgjer opp Stortinget sitt anmodningsvedtak til regjeringa om å legge fram forslag til å innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan- og bygningslova.

Frist for høyringa er 27. februar. Kinn kommune har fått utsett frist fram til 2. mars.

#### Saksopplysningar:

Det overordna målet med forslaga til lovendring er å styrke kommunane si rolle i prosessar knytt til utbygging av vindkraft på land. Det er lagt til grunn at meir involvering av kommunar og lokalsamfunn er nødvendig for å gje auka legitimitet til prosessane, betre forankring for vindkraft lokalt og betre tilpassa løysingar. Endringane er meint å redusere konfliktnivået og på den måten gje grunnlag for vidare utbygging av vindkraft, blant anna for å styrke kraftbalansen og nå dei nasjonale klimamåla.

Kommunane har så langt tatt stilling til nye vindkraftprosjektet ved høyring i konsesjonsprosessar mens dei formelle planavklaringane ofte har skjedd som påfølgjande dispensasjoner eller planendringar. Forslag til endringar inneber at det skal gjerast ei overordna avklaring etter plan- og bygningsloven før det blir gitt konsesjon etter energiloven. Dvs. at kommunestyret vedtek arealbruken gjennom ein områdereguleringsplan før ei evt. konsesjonsbehandlig blir vidareført. Det vil ikkje lenger vere mogeleg å gje konsesjon før arealbruken er avklart.

Departementet foreslår ei endring i energilova § 2-2 slik at konsesjon for vindkraft på land ikkje lenger kan bli gitt før tiltaket er planavklart etter plan- og bygningslova. Hovudregelen er at dette skjer gjennom vedtak av ein områderegulerering, som skal vere på eit overordna nivå.

Den detaljerte planlegginga skjer gjennom konsesjonshandsaminga og etterfølgjande detaljplanar etter energilova. Det vert ikkje stilt krav om samstundes handsaming av dei to prosessane, men det vert lagt opp til at slik samordning kan skje der dette er hensiktsmessig.

Departementa foreslår ei endring i pbl. § 3-7 om at konsesjonsmynde for vindkraft etter energilova (NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat), etter samråd med kommunen kan sende områderegulering for vindkraft på høyring og legge dei ut til offentleg ettersyn. Dette er grunna med omsyn til effektivitet, og med at kommunar kan ha avgrensa ressursar til slike saker og difor ønsker å overlate delar av arbeidet til konsesjonsmynde. Kommunen er framleis planmynde, og dei vanlege reglane for planlegging etter pbl. gjeld.

Vidare foreslår departementa at føresegne i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, ikkje lenger skal gjelde for vindkraft på land. Endringa inneber at Olje- og energidepartementet (OED) ikkje lenger kan avgjere at konsesjon for vindkraft utan vidare skal ha verknad som statleg plan. Ein eventuell statleg arealplan for vindkraftanlegg skal etter forslaget følgje dei ordinære føresegne for statleg arealplan i pbl. § 6-4.

Departementa foreslår å innføre eit krav om områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land, gjennom ei endring i pbl. § 12-1. Områderegulering skal vere overordna, og detaljeringsnivået skal avgrensast til overordna arealmessige føresetnader som er relevante for kommunen si avgjersle om arealbruk. Det kan dispenserast frå krav om områderegulering der overordna arealmessige føresetnader er utgreidd og avklart på same detaljeringsnivå som områderegulering i annan plan, t.d. kommune(del)plan. Der det ligg til rette for det, bør områderegulering og konsesjonsprosess samordnast i tid med felles konsekvensutgreiing.

Departementa foreslår ei endring i pbl. § 12-2, som gjev kommunane rett til å krevje at private utarbeider områderegulering for vindkraftanlegg. Etter dei reglane som gjeld i dag kan ikkje kommunen pålegge andre mynde eller private å utarbeide områderegulering. Intensjonen med lovendringa er at i dei tilfelle det føreligg ein konkret tiltakshavar, kan kommunen be denne om å sette i gang områderegulering for å avklare om det kan gjennomførast vindkraftutbygging. Ved at reglane for private planforslag vert gjort gjeldande for slike områdereguleringar, vil blant anna reglane om oppstartfasen og tidsfristar gjelde. Kommunane kan etter dette avgjere at eit forslag til områderegulering for vindkraft kan stoppast allereie i oppstartfasen.

Som følgje av at tilgangen til å gje ein vindkraftkonsesjon verknad som statleg plan vert oppheva, vert det foreslått ein ny § 12-18 som avgrensar tilgangen til å oppheve eller endre områderegulering for vindkraftanlegg der det er søkt om konsesjon etter energilova. Avgrensinga vert foreslått å vare til byggefristen som gjeld for konsesjonen er gått ut. I denne perioden krev oppheving eller vesentleg endring av områdereguleringa samtykke frå departementet. Dette gjeld ikkje dersom det er tiltakshavar som fremjar forslag om planendring. Hensikten med forslaget er å sikre føreseielegheit mot at ein kommune skal kunne oppheve eller endre planen på vesentleg måte, etter at konsesjonsprosess er sett i gang. Forslaget vil gjelde alle områdereguleringar der konsesjonsprosess er sett i gang. Det er derfor ikkje nødvendig at departementet treff særleg vedtak for den enkelte planen om å avgrense tilgangen til å endre eller oppheve planen.

Det vert ikkje foreslått endringar i tilgangen til å utarbeide regionale planar for vindkraft, eller i reglane om kommuneplanen sin arealdel eller kommunedelplan. Avklaring i kommune(del)plan vil som tidlegare vere aktuelt når kommunane ønsker å avklare om det er eigna områder for vindkraft i kommunen, og om dei i så fall ønsker å legge slike områder inn i kommuneplanen sin arealdel. Det er ikkje eit krav om at kommunen avklarar vindkraft gjennom kommuneplanprosessen før områderegulering vert gjennomført. I tillegg til departementa sine forslag til lovendringar knytt til utbygging av

vindkraft, fremjar Kommunal- og distriktsdepartementet forslag til endring i pbl. § 6-4 som presiserer at det ikkje er klagerett på statleg arealplan. Føresegne lovfestar det som har vore langvarig praksis etter både gjeldande lov og plan- og bygningslova av 1985, og inneber ingen endring av rettstilstanden.

### Vurderingar:

Kommunedirektøren meiner det er positivt til at lovendringsforslaga styrer behandling av vindkraftsaker i ein retning som styrkar kommunen si rolle i planlegginga og utbygging av nye vindkraftanlegg. Kinn kommune har erfaringar frå Mehuken og Guleslettene og er godt kjend med tiltakande konfliktnivå i slike utbyggingssaker.

Vi sluttar oss til Kommunesektorens Organisasjon (KS) sine merknadar om at til endringsforslaga ikkje svarar anmodinga til Stortinget fullt ut. KS sitt høyringssvar ligg ved saka og går i hovudtrekk ut på:

- Konsesjon etter energiloven kan med fordel avgrensast til forhold om produksjon og distribusjon av elektrisk kraft og tilsyn med anlegga.
- Vi har ikkje innvendingar til at det ikkje blir føreslått endringar i energiloven utover at det blir stilt krav om planavklaring før konsesjonsvedtak.
- Det er ikkje gjort greie for kvifor det er føreslått at arealavklaring skal skje som områdeplan framfor kommunedelplan. Dette burde vore utdjupa, men vi går ikkje imot forslaget om områdeplan så lenge det ikkje går ut over lokalt sjølvstyre og forankring i kommunen.
- Det må avklarast om forslaget om områdeplan utløyser ekspropriasjonsheimel.
- Det må avklarast om planområdet skal være heile det framtidige konsesjonsområdet, eller avgrensast til inngrepsområda. (Her blir det vist til Asplan Viak sin rapport om «Lokalisering av større vindkraftverk og kommunen som arealplanmyndighet.» Side 4 - 10)
- Kva som ligg i «de overordnede arealmessige forutsetningene» må presiserast og utdjupast.
- Kommunen må ha eit minimum av myndigkeit på et tilstrekkeleg detaljnivå. Dette er viktig blant anna for å løyse lokale konfliktpunkt og for å ha styring på den komande utbygginga som eit vilkår for å støtte lovforslaget.
- At NVE bli gitt eit utvida ansvar i arealplanprosessen, støttast under forutsetning av at kommunane har myndigkeit til å fastsette bestemmelser om viktige arealavklaringar.
- Forslaget om å innføre områdeplan for vindkraft, forutset endring i pbl § 1-3 andre ledd.
- Regjeringa føreslår at krav om områdeplan ikkje er nødvendig der dei overordna arealmessige føresetnadane er utgreidd i same omfang og fastsett med same detaljeringsgrad som krava til områdeplan, der dette er tilstrekkeleg avklart i kommuneplan. Forslaget kan skape rom for ulike tolkingar. Kven som skal avgjere om områdeplan skal krevjast, meiner vi må vere opp til kommunen.
- Regler for samordninga mellom reguleringsplanprosessen for vindkraft og konsesjonsbehandlinga meiner vi bør skje ved lov.
- Det kan aksepterast at kommunen kan krevje at private utarbeider forslag til områdeplan for vindkraftanlegg som er konsesjonspliktige etter energiloven, men det må tydeleggjera at kostnadane skal dekkast av den private.
- Avgrensing av kommunen sin mogelegheit til å endre en områdereguleringsplan for vindkraftanlegg kan aksepterast, men ikkje slik det er føreslått. Vi ber departementet om å vurdere ei alternativ ordning med klagerett/ og eller motsegn.
- Konsesjonen og MTA (miljø-, transport- og anleggsplan) og detaljplanen bør være lojal mot områdereguleringsplanen for å sikre føreseielegheit og bidra til å skape tillit.

- At NVE etter samråd med kommunen kan sende på høyring og legge forslag til områderegulering for vindkraftanlegg ut til offentleg ettersyn etter bestemmelserne for reguleringsplan, kan støttast under forutsetning av at «etter samråd med» skal forståast som at det vert kravd samtykke fra kommunen.
- Vi foreslår at heile tredje ledd i pbl § 6-4 utgår.
- Miljømessige, økonomiske og administrative konsekvensar må vurderast i den vidare utgreiingsprosessen.
- Vi går imot utvida myndighet til NVE i planprosessen.
- Endringsforlaget bør også gjelde andre typer kraftproduserande utbyggingar, som til dømes solkraft.

**Økonomiske konsekvensar:**

At kommunane får meir arbeid gjennom å behandle vindkraftsaker kan føre til auka ressursbruk.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**

[Plan- og bygningsloven](#), [Energiloven](#)

**Vedlegg:**

Høyring av forslag til endringar i plan- og bygningslova og energilova knytt til vindkraft - førespurnad om utsett frist

Følgjeskriv

Høringsvar - endringer i plan og bygningsloven- endelig 15.02.64  
[horingsnotat\\_energiloven\\_pbl](#)